

Besl. O. nr. 94.

Jf. Innst. O. nr. 92 (1998-99) og Ot.prp. nr. 78 (1998-99).

År 1999 den 10. juni holdtes Odelsting, hvor da ble gjort slikt

vedtak til lov

om endringar i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova).

I.

I lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa blir det gjort følgjande endringar:

§ 1-1 tredje ledet skal lyde:

For grunnskoleopplæring og vidaregående opplæring spesielt organisert for vaksne som kommunen eller fylkeskommunen har ansvaret for, gjeld §§ 1-2, 1-3, 2-3 andre ledet, 3-1 sjuande ledet, 3-4 første ledet, 7-5, 10-1, 10-8, 13-5, 14-1, 15-1 første ledet og 15-2. For spesialundervisning for vaksne etter § 5-2 gjeld kapittel 5.

§ 2-3 andre ledet skal lyde:

Departementet gir forskrifter om fag- og timefordeling, sentrale arbeidsmåtar og kunnskaps- og ferdighetsmål og hovudmoment i opplæringa i dei ein-skilde faga, knytta til hovudstega i grunnskolen (læreplanar). Departementet gir forskrifter om vurdering av elevar, lærlingar og privatistar, og klage på vurdering, om eksamen, om fag- og sveineprøve og om dokumentasjon. Departementet gir forskrifter om godskriving av tidlegare gjennomgådd opplæring eller praksis.

Overskrifta til § 2-6 skal lyde:

Teiknspråkopplæring i grunnskolen

§ 2-6 nytt fjerde ledd skal lyde:

Før kommunen gjer vedtak etter første og tredje ledet, skal det ligge føre ei sakkunnig vurdering.

§ 3-3 sjette ledet skal lyde:

Departementet kan gi forskrifter om avvik frå denne opplæringsordninga for særskilde, små fag, for fag med særskilt store krav til teori, for fag med særskilde sertifiseringskrav, for lærlingar som ikkje fell inn under § 3-1 og for lærlingar med særskilde behov. Departementet gir forskrifter om kva fag som skal ha læretid i bedrift.

§ 3-4 første ledet skal lyde:

Departementet gir forskrifter om kurstilbod, fag- og timefordeling og om læreplanar som fastset innhalten i opplæringa og korleis opplæringa skal gjennomførast. Departementet gir forskrifter om vurdering av elevar, lærlingar og privatistar, om klage på vurdering, om eksamen, om fag- og sveineprøve og om dokumentasjon. Departementet gir forskrifter om godskriving av tidlegare gjennomgådd opplæring eller praksis.

Ny § 3-9 skal lyde:

Teiknspråkopplæring i den vidaregåande skolen

Ungdom som har rett til vidaregåande opplæring etter § 3-1 og som har teiknspråk som førstespråk, eller som etter sakkunnig vurdering har behov for slik opplæring, har rett til å velje vidaregåande opplæring i og på teiknspråk i eit teiknspråkleg miljø etter andre ledet, eller rett til å velje å bruke tolk i ordinære vidaregåande skolar. Det same gjeld vaksne som er tekne inn til vidaregåande opplæring utan rett etter § 3-1. Før fylkeskommunen gjer vedtak om slik opplæring, skal det ligge føre ei sakkunnig vurdering.

Med teiknspråkleg miljø er meint skolar som har tilrettelagde opplæringstilbod i og på teiknspråk for hørselshemma elevar.

Retten til opplæring i og på teiknspråk etter andre ledet er avgrensa til dei kurstilboda desse skolane gir. Delar av dette opplæringstilbodet kan givast med tolk.

Omfanget av opplæringa i tid og innhalten i opplæringa blir fastsett i forskrifter etter § 3-2 og § 3-4 i denne lova.

Departementet kan gi nærmare forskrifter, mellom anna om inntak.

§ 10-3 skal lyde:

Personell ved leirskolar

Undervisningspersonalet ved leirskolar med fast pedagogisk bemanning skal vere tilsett i den kommunen der leirskolen ligg. Departementet kan gi forskrifter om kompetansekrav for personalet ved faste leirskolestader.

Jorunn Ringstad,
president.

II.

Lova tek til å gjelde frå den tida Kongen fastset. Det kan fastsetjast at dei ulike reglane i lova skal ta til å gjelde frå ulik tid.

Anita Apelthun Sæle,
sekretær.